

**Søndagsmiddag**  
**Juletallerken**  
 m/riskrem og kaffi **235,-**

BEST WESTERN  
**RAFTEVOLD® HOTEL**  
 6763 Hornindal - Tlf. 57 87 99 99

**TID FOR VINTERDEKK**

Nokian, Continental, Good Year, Gislaved m.fl.

**Dekkmesteren**  
 Inge Sunde - tlf: 480 33 920

**DEKkmesteren**

Vi har gavekort

**OPTIKK VOLDA**  
 Holmen 7 - 6100 Volda  
 Tlf. 70 07 70 19

optikk

**Sentrum Rør AS**  
 Heltnevegen 19, 6100 VOLDA  
 Autorisert Rørleggarforretning

Tlf. 70 07 88 82

- Rørleggjarar
- Baderomsutstyr
- Kjerneboring
- Vassboren varme
- Industrioppdrag
- Varmepumper



## Sett frå lufta: Bratteberg

**Byggjefelta heilt framme i Bratteberg har vakse fram med jamn fart. No blir det lagt ut nye felt med mange tomter for einebustadar.**

Før i tida låg Bratteberg langt til skogs, ja nesten heilt opp på fjellet. Sidan den første utbygginga av Brattebergfeltet har det utbygde området sakte blitt større og større. No står det føre endå meir utviding av feltet.

### Nye byggjefelt

Vegen som går oppover skogen, om lag midt på fotoet, er vegen til Vassverket. På venstre side av den er det planlagt eit stort kommunalt byggjefelt, B58. På høgre side kjem eit nytt privat bustadfelt med namn Ottagarden.

### Hadde båtar og naust i Øyralandsfjora

Truleg har det vore gardsbruk langt tilbake i tid i området vi ser

på fotoet. Kanskje så langt tilbake som til seinmellomalderen. Ifølgje Voldasoga (Aarviknes – band 2) var det nemnt berre eitt bruk før 1609, seinare var det to mann som sådde 3 tn. Korn, og som lunende til gardsdrifta er det nemnt fiske. Eigedomen var kron- og prestegods. Gardar som låg langt oppe frå sjøen hadde likevel båtar og naust i Øyralandsfjora.

### Vegar

Fotoet er tatt i lufta frå enden

av Elvavegen i Brattebergfeltet, Volda. Vegen som går frå midten av fotoet og hallar svakt mot venstre, er Elvavegen. Det er ei sidegate av Fransvegen. Dette området vart utbygd på 1980-talet.

Fransvegen går ned til Storhagen. Nede til venstre i fotoet ser vi Nymarkvegen, som også er ein sideveg av Storhagen.

Den skrå vegen vi ser oppe til høgre i fotoet er ein del av Bratteberg. Inn mellom husa ser vi delar av Småslåtten og Klatrevegen. I

området til venstre for den skrå vegen ligg mellom anna Bergshagen, som vart utbygd frå 1990-talet og framover.

Husa litt til høgre for midten, og heilt oppe i skogkanten, er det som var bruk 2 i Bratteberg. No er det Raknes som bur der.

Fotoet er tatt 13. august 2015.

TORE AARFLOT

# Ridebana får nytt dekke

**Volda Rideklubb har fått ei gåve på 50.000 kroner frå Sparebanken Møre. Pengane går til nytt dekke på ridebana på Vollane.**

Ridebana på Vollane har allereie fått på plass eit nytt lag med grus, og no vert delar av bana, 20 gongar 40 meter, dekt med gummiflis. Dette skal gjere underlaget mjukare, og vil kome både hestar og ryttrar til gode. Leiar for Volda Rideklubb, Edle Holmin, er glad for gåva.

### Flott innsats

- Vi er sjølvsagt glade for at bana, som allereie er god, vert enda betre. Gummidekket vil gjere det

sikrere ved eventuelle fall, og det vil også verte betre for hestane å gå på. Men, dette er ei ny erfaring for oss, og det saman med kostnadane, gjer at vi først prøvar det ut på delar av bana, seier Holmin.

Mette Ryste i Sparebanken Møre, seier dei er glade for å kunne støtte klubben med dette.

- Klubben søkte om midlar, og vi synest det vert gjort ein flott innsats for unge her, spesielt gjennom dei mange som jobbar frivillig. Difor ser vi på dette som eit viktig bidrag til klubben, og eg er einig i at dei har fått ei kjempefin bane her, slår ho fast.

TORGER HAVÅG



\* Volda Rideklubb er svært glade for gåva frå Sparebanken, som gjer at det kjem nytt dekke på bana. Frå venstre: Ida Kristine Standal, Magne Holmin, Bjørg Holmin, Edle Holmin og Mette Ryste. Hesten Endrar kom så vidt med, og bakom ser vi Linndi.